



SAKSUTGREIING

ETNE KOMMUNE

Utval	Møtedato	Saknr
Komite Forvaltning	08.09.2016	071/16

Sakshandsamar:	Arkiv:	Arkivsaknr
Roar Bævre	PlanID - 201402, N - 504	15/1726

2. gongs handsaming for del av detaljregulering for Holmen

TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:

Med heimel i §§ 12-12 og 12-14 vert endringa vedteke av komité forvaltning i sak 016/16 den 04.02.2016, endeleg godkjent slik den ligg føre. Endring i plankartet er dagsett 29.02.2016. Føresegnene er uendra og er dagsett 31.08.2015

08.09.2016 Komite Forvaltning

KF- 071/16 Vedtak:

6 mot 1 røyst (Ap)

Med heimel i §§ 12-12 og 12-14 vert endringa vedteke av komité forvaltning i sak 016/16 den 04.02.2016, endeleg godkjent slik den ligg føre. Endring i plankartet er dagsett 29.02.2016. Føresegnene er uendra og er dagsett 31.08.2015

SAKSUTGREIING:

Innleiing (bakgrunn for saka)

Komité forvaltning handsama i sak 016/16 den 04.02.2016 to klager på den vedtekne planen detaljregulering for Holmen. Vedtaket til komité forvaltning vart at begge klagane blei teke til følgje. Dette var ikkje i tråd med rådmannens si tilråding som var at ein av klagane ikkje vert tatt til følgje.

I sak 026/16 den 17.03.2016 vedtok Komité forvaltning at vedtaket frå sak 016/16 skulle leggest ut på høyring i 6 veker på grunn av betydelege endringar i plankartet. Høyringa vart gjennomført frå 18.04.2016 til 30.05.2016. Det kom in 7 merknader, 4 frå offentlege instansar og 3 frå private.

Problemstilling

Sakshandsamar sine kommentarar til dei innkomne merknadane:

Fylkesmannen. 18.04.2016

Dei har ingen merknader til planendringa.

NVE. 10.05.2016

Dei har ingen merknader til planendringa.

Mattilsynet. 18.05.2016

Dei har ingen merknader til planendringa.

Vegvesenet. 26.04.2016

Dei har ingen motsegn til planendringa, men oppmodar til at ein går tilbake til det vedtekne planforslaget som legg opp til stenging av alle avkjørslar og at V4 skal nyttas som erstatning for tapte avkjørslar. Dei påpeikar at det vil ta lang tid før ein ny E134 blir bygd forbi Etne og at trafikken fortfarande vil vera høg forbi planområdet.

Vår kommentar.

Vegvesenet sin merknad er i tråd med administrasjonen sine ønskjer og tidligare tilrådingar.

Børretzen, Karlsen og Opheim. 19.04.2016

Dette er ein felles uttale gitt av grunneigarane som soknar til vegen V4 i den vedtekne planen. To av dei har levert klagane som blei handsama i sak 016/16. Dei seier at planendringa er positiv for dei alle og at dei er nøgde med endringane.

Karlsen. 29.05.2016

Dette er eigar av 10/20, ein av dei som leverte ein av klagane som blei handsama i sak 016/16.

Dei oppfattar endringa som positiv. Dei ser at vegvesenet ikkje har noko nye moment i saka. Dei er også glade for at fortauet blir som det er omtala (smalare enn normalt) sidan dei også har inngang på framsida av huset. Dei håpar at kommunestyret støtter komiteens tilråding.

Opheim. 20.05.2016

Dette er eigar av 10/14.

Ho er positiv til vegen V4 og ønskjer å bruke den når den blir bygd. Ho ser at den er et godt trafikksikringstiltak som gir ein tryggare tilkomst til eigedomen. Ho ønskjer i tillegg å behalde dagens tilkomst frå E134. Ho argumenterer med at sidan ho får brøyteansvaret på den siste lange biten av V4 så blir det meir praktisk å nytte dagens tilkomst når V4 behøver brøyting. På grunn av dette vedlikehaldsansvaret meiner ho at det er rimeleg at ho får behalde dagens tilkomst.

Ho er i gong med oppussing av portar og gjerde langs E134. Dette vil bli råka av nytt fortau forbi eigedomen. Ho ønskjer erstatning for tomtetapet og at gjerde med portar og søyler blir flytta av utbygger.

Ho ser at det er vanskeleg å ferdast for mjuke trafikantar langs nordsida av E134 forbi planområdet men meiner at gangfelt er tilstrekkeleg (Vi går ut ifrå at ho meiner at ein kan krysse vegen frå nord til sørsida i eit gangfelt i staden for å bygge fortauet).

Vår kommentar.

Administrasjonen ønskjer fortfarande at Opheims tilkomst til E134 skal sanerast. Argumentasjonen er den same som før og går på trafikktryggleik. Med ein ny tilkomst frå nord er det heller ikkje behov for den noverande tilkomsten. Moglegheita for å behalde dagens tilkomst var oppe som eit alternativ til tilrådinga i sak 026/16, men blei avvist av komiteen. Opprydding og erstatning i samband med bygging av fortau blir ein sak mellom grunneigarane og vegvesenet som er utbygger. Vi er ikkje samde i at eit gangfelt er tilstrekkeleg og at eit fortau på nordsida av E134 difor ikkje er naudsynt. Gangfelt blir av vegvesenet sett på som ein falsk tryggleik. Det er vidare ikkje ønskeleg med fleire kryssingar av vegen enn ein må ha. Det nye fortauet er meint å gje ein trygg tilkomst for alle eigedomene langs nordsida samt forbinde dei med eit nytt og utbetra busstopp ved bustadskipinga. I dag stoppar bussane midt i vegen her. Utbetra busshaldeplass vil gi auka bruk av fortauet.

Kommentarar til merknadane slutt.

Administrasjonen ser på dette som ei mindre endring der komité forvaltning kan gjere endeleg vedtak.


Vurdering

Eigar av gnr/bnr 10/74 Ingrid Børretzen seier i sin merknad til denne endringa at ho er nøgd med utfallet av hennar klage på vedteke plan og endringa det har medført. Den klagen vart i sak 016/16 tatt til følgje. Administrasjonen er og nøgd med den løysinga.

Klagen til eigar av gnr/bnr 10/20, Bjørn Karlsen hadde ei negativ tilråding i rådmannen si tilråding. Komité forvaltning ga klagar medhald, noko som fører til at ein ikkje kjem i mål med den planlagde saneringa av tilkomst frå E134. Administrasjonen ser dette som uheldig ut ifrå eit omsyn til trafikktryggleika at dei andre langs vegen må sanere. Vegvesenet sin merknad til endringa viser at dei er samde i dette, dei hadde likevel ikkje motsegn til endringa.

Endringane er av dei fleste høyringspartane sett på som positive. Unntaket er altså vegvesenet som ikkje ønskjer denne planendringa. Sidan dei ikkje har motsegn til planendringa vil ikkje administrasjonen gjennomføre ytleigare endringar. Det var også brei politisk semje i sak 06/16 om at avkjørsle skulle bestå og at fortauet skulle smalas inn for å skåne eigedomen mest mogleg.

Under ein synfaring med komiteen kom det fram at dagens utkjørsle er nesten berre brukt privat og at det berre unntaksvis kjem inn pasientar den vegen og inn på baksida av huset. Det er mest dei som har dårlege bein som får det tilbodet. Difor har kundane i dag ein tradisjon med å parkere andre stader og gå til tannlegen. Det er mogleg det ville fortsette sånn sjølv om ein stenger dagens avkjørsle.



Kartet over syner planendringa som blei gjort etter sak 016/16 og som låg ute til høyring. V4 er avkorta og går berre fram til gnr/bnr 10/14. Fortauet har ei innsnevring på 0,5 meter forbi gnr/bnr 10/20.

Konklusjon:

Merknadane som kom inn er, med unntak av vegvesenet, positive til endringa. Dei hadde inga motsegn til planendringa. Rådmannen tilrår derfor at endringa blir ståande.

Det kan no gjerast endeleg vedtak i saka.

Vedlegg i saka:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
01.06.2016	Endring plankart 29.02.2016	1353091

Saksgang:

Komite forvaltning for endeleg vedtak.

Utskrift til:

Sakshandsamar

